



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Alle kommuner, fylkeskommuner og fylkesmenn

Ref	Vår ref	Dato
	14/4735-5	26.09.2014

Nytt rundskriv (H-8/14) til lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova)

I samband med oppstarten av kommunereforma har Kommunal- og moderniseringsdepartementet utarbeidd eit nytt rundskriv (H- 8/14) til lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova). Rundskrivet erstattar rundskriv H-01/07.

Inndelingslova gir reglar om prosessane ved endring av kommune- og fylkesgrenser. Det er ikkje gjort endringar i sjølve lova, men det nye rundskrivet forklarar korleis ein skal forstå og praktisere lova. Rundskrivet inneheld kommentarar til den einskilde paragrafen i lova. Rundskrivet supplerer dei andre verktøya departementet har utarbeidd til bruk i kommunereforma. Rundskrivet er publisert på regjeringen.no og kommunereform.no

Vi vonar at rundskrivet vil vere til nytte for alle som tek del i prosessane i saker om inndelingsendringar.

Med helsing

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Gry Langsæther
seniorrådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Vedlegg: Rundskriv H-8/14 til lov 15. juni 2001 nr 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova)

Kopi: KS